# I U-LAGÈ

Organ for Finnøy kristelege ungdomslag, nummer tri, årgang ein. Laussal kr. 20,-



”For eit barn er oss født, ein son er oss gjeven. Herreveldet kviler på hans aksler, og han skal kallast: Underfull Rådgjevar, Veldig Gud, Evig Far, Fredsfyrste.”

# Juleandakt – *av Sigve Ladstein*



*Sigve er 27 år og utflytta finnøybu . Han arbeidar no ved NLA Lærarhøgskulen og er gift med Maria frå Mandal*

Maria og eg hadde ein fantastisk biltur i går, på den solfylte tredje sundag i advent. På veg mot Indre Arna blei me møtt av strålande sol, rimkvite glitrande tre og ei flott blå himmelrand. Me vart så begeistra over Guds skaparverk at eg reint gløymde dei nye 70 – grensene, og ved julegrautfabrikken i Indre Arna gjekk det trill rundt for Volvoen, før sjåføren fann tunnelen mot Dale og Voss.

På Vestlandet er det mange tunnelar, og det minner meg litt om juleevangeliet å køyra i ein lang og mørk tunnel, der ein kan sjå eit lys i enden. Dei mørke og harde veggane kan liknast med livets harde og til tider brutale realitetar. Det gjeld å halda livsbilen sin på stø kurs mot lyset som strålar mot oss på ein særleg sterk måte i adventstida. Lyset er i denne samanhengen eit bilete på Jesus, som blei sendt av sin allmektige far i himmelen, til frelse og evig liv for alle på jorda. Frelsaren ønsker å vera i juleselskap (fødselsdag) saman med oss. Skal me opna hjartedøra og sleppa lyset inn i våre liv?

Vel ute av tunnelen ser me Havråtunet på Osterøy, før Volvoen tek ein ny 360 – graders sving i rundkøyringa for å komma, ikkje til Norheimsund og morellbygdene, men mot Dale og Mo. Dale minner meg om verdsmeisterskap, VM i Japan og Korea, og olympiaden i vinter (Dalegenseren). Om vinteren er det jo viktig å pakka seg inn i varme ullklede, så små og store føter ikkje får same fargen som dei rimfrosne trea i Indre Arna. Juleevangeliet har òg evnen til å varma opp i kalde kroppar og rimkvite kyrkjer. Bodskapen om verdas frelsar har satt mange hjarto i brann. Ein har blitt møtt av Guds uendelege kjærleik og kallet til teneste i inn – og utland har blitt uunngåeleg. Kan det vera vår inderlege bøn til Gud, at han må kveikja sin eld i våre kalde kroppar, så me kan breia varmen og lyset til våre næraste, og til ukjende ufrelste i andre land!.!.

Resten av adventsreisa gjekk via Mo og Romarheim til Europavegen som fører til Knarvik og Finnøy. I Salhus såg eg toppen av eit kyrkjespir. Det minner meg om "Vi syng jula inn" i den fine kyrkja på Finnøy. Kunne jula bli fylt av gledessong over Jesus som verdas frelsar, då blir "Deilig er jorden" på ny ein solfylt frydessong.

**Å laga avis**

Du lese nå julanommere av I u-lage'. Aviså blei heilt aensleis enn me hadde planlagt. Håvard sko skriva om jul på Mjølsnes i gamle dagar og Kjetil sko beretta om julastemning frå byen og intervjua ein tilårskommen julahefteselgar. Så de va ein spente redaktør så gjekk inn på mailen for å sjå ka så va produsert av sager te julanommeret vårt. Nerturen va derfor store når de viste seg at der va komt inn så godt som svert lide av de så der sko ha komt inn. Tekstmeldingar og telefonar brakte på de reina at sagene va øvesendte på mail, og at någe hadde gått frykteligt gale. Kjetil prøvte seg me den temmeligt tvilsomme teorien at de va me e-posten så me den vanlige posten i julå, at møje trafikk førte te at posten kom seint fram....
Men men. Me har nå sopt i hob någe denne gongen og. Der e ganske mången snege bilder av folk iallefall. Og et interessant intervju me ein øvekule førskulelerar-student.
Som redaktør av I u-lage' benytte eg anledningen te å ønska adle våre leserar og annonsørar ei rektigt go jul på adle mådar. Ungdomslaget går inn i ein hektiske periode me nattsamling på litla julaftå, andredagsfest, julastikkinnom, nyttårsfest og restefest. Så der sko kje ver någen gronn te å sidda heima å kjeda seg å eda dadler. Viss der e någen andre enn far min så ede dadler lenger då. Føle liksom at dadler på ein måde har gått totalt av moden på julasnæks-fronten.

**/Kåre**

# NYTTÅRSFEST

Den 31. januar e det nyttårsaftå igjen. I uminnelige tider har ungdomslaget arrangert nyttårsfest på Utsyn. I år e ikkje någe unntag.

Me kjøre på me tradisjonelt opplegg me svinakam, underholdning og andakt. For ikkje å snakka om midnattsgudstjeneste.

Der pleie alltid å ver møje folk å go stemning, og der e ingen gronn te å tru at de ska ble aenleis i år. For å få lov te å komma inn på Utsyn denne kvelden e du nødde te å melda deg på. Måden å gjer de på e å ringa te enten Kjetil Sevheim på 91562443 eller Kristoffer H. Haugen på 92258786. Då skrive dei deg opp på ei lista, og så bler du tatt imod me åpne armar på Utsyn på nyttårsaftå. De koste 150 kroner, og de e slett ikkje dyrt for middag, underholdning og tag øve håve. Så viss du går i åttende klasse eller meir:

# MELD DEG PÅ!!!!!!!

I u-lage er organ for Finnøy kristelege ungdomslag. Redaktør: Kåre Vignes. Redaksjonsmedlemmer: Kjetil Sevheim, Håvard Mjølsnes Helle, Gøril Bleie, Camilla Mjølsnes og Marie Lunde. Og berre så det er sagt: Me arbeidar IKKJE etter vær varsom-plakaten, og bryr oss slett ikkje om kva PFU har å seia om avisa vår. Følar du deg urettvist behandla nyttar det altså ikkje å klage oss inn for noko som helst. Skriv gjerne til oss på epost: iulage@hotmail.com

# Det store juleintervjuet – eit

**Tekst: Marie Lunde, Camilla Mjølsnes og Kåre Vignes**
**Foto: Gøril Bleie**

Me treffe Oddvar på Lauvsnes bedehus på førjulshygge. Han e imødekommande og gir et positivt fyssteinntrykk. Han sidde tross alt i Stikk Innom-styret, så han e jo vant me å smila å ver gla. Me begynne forsiktigt: Glede du deg te jul? - Ja, allti gøy å kjøba presangar å gleda folk. Oddvar ser ud te å meina de an seie. Kanskje den tøffe fasaden han legge opp te bare e et skjul for ein snille gutt så egentligt bare vil alle godt?

Oddvar kan fortella at det han ønske seg aller mest te jul e gavekort på Rolfsen, den stysse sossabutikken i heile byn. Det e her han kjøbe flesteparten av klenå sine fortelle han. Oddvar får møje høgg frå familien forde han bruge så møje penger på kler, men han ler bare av di seie han. - Ka vil du appsolutt IKKJE ha, lure me på. – Ka? Eg vil absolutt ikkje ha trusa av selskinn. Men eg får heilt sikkert masse kler, og de vil eg jo ha. Men altså ikkje selskinnstrusa.

Me går så øve te det alltid så vanskeliga spørsmålet: Fins julanissen? Oddvar e meget bastant på dette punktet. – Ja, absolutt. Det e der ingen tvil om, seie han og tar på seg den strengaste minå si.





Oddvar sin favorittjulakalender på TV e uden tvil Nissene på låven. Han ser ikkje på Blåfjell, på tross av at barne-tv strengt tatt kan sjås på som undervisnings-tv for Oddvar. Han studere nemligt te å ble førskulelerar på Lerarhøgskulen i Stavanger.

For at Oddvar ska få den retta julafølesen må han ha julatre. Og dessuden så må han ha foretatt den årlige ryddingå av rommet sitt. Det e litt av ein jobb, men når den e gjort kan julafreden senka seg. I år imponerte Oddvar familen sin me å rydda rommet sitt før fysste synndag i advent. Di slide ennå me å komma øve sjokke.

Ka e ditt versta julaminne, Oddvar Vignes? – De va i fjor. Eg va avløysar sjå Hadle Austbø heila julahelgå. Eg kjørte scooter opp te Harås klokkå halv elleve på julaftå, for eg gadd kje gjer de om mårån. Så eg sov der. Der va glatt så bare de, og eg sjangla meg avgårde på scooteren. Ikkje akkurat ein klassikar av ei julafta.

Den beste julapresangen Oddvar har fått någen gong va ein grå frakk han fekk av mor å far sin. Då blei han gla og varm om hjarterota. Den verste presangen an har fått va de Kåre så sto for. – Eg fekk et kurongbord av Kåre så han hadde lagt på sløyden. Han va kje gamle karen, så de va jo kje eg heller. Kurongbordet va grisestygt. Me prøve

# møte med Oddvar Vignes

fortvilt å få an te å svara någe aent av redsel for at redaktøren av avisă vår ska ble såra å vonbroten, men dette va tydeligvis såpass klart den verste julapresangen Oddvar någen gong hadde fått at me måtte gje opp.

Koss feire du julå i år? Fysst å fremst sidde eg å ser TV heile dagen, eg vett ikkje på ka. Gjer ingenting, forvente at alle ska gjer tingå for meg. Så ede eg middag, pakkane sin tur ittepå. Så går eg ud te folk. Jeps. Eg går ikkje i kjerkå på julaftå. Ikke skrive eg julakort heller forresten.

Me tenkte så at me sko prøva å lura udav Oddvar ka han sko gje bror sin te jul, men me mistenke han for å lyga. Han svarte konsekvent "trusa av selskinn" på dette spørsmålet.

Oddvar bur i Stavanger og dele leilighed med blant andre Eivind Bleie. Både Oddvar og Eivind sine foreldre e sikkert bekymra for koss de går me julapynting i leiligheden, så me spør koss de ligge an me julapynt å sånn der. - Me kjøpte oss plastikkjulatre i går, å har hengt opp julagardiner. De får holla.
Ka syns du om Jesusbarnets stilling i disse kjøbefikserte julatier? Jesus komme litt i bagrunnen i forholl te nissane, dessverre seie Oddvar. Seinare i intervjue forvirre han oss totalt me å hevda at nissane e bere enn jesusbarnet, fordi di e så mangen fleire. Me har ein følelse av at han ikkje tar oss heilt seriøst å har begynt å tulla å fjasa sånn så han pleie å gjer me alt og alle. Me må få an inn på rett spor igjen. Mad. Me må snakka om mad.

Ede du pinnakjød te jul? - I julå, men ikkje på julaftå. Då ede eg ribba. Nå går de bere. Nå svare han skikkeligt. Har du ei favorittjulakaga? Sjokoladesnippar, komme der kontant. De andre ronnt bore meinte at dette slettes ikkje va ei julakaga, men Oddvar meinte at d alligavel va hans favoritt.

Ønske du deg snø te jul? Nei, nei. Au, au! Barnslikt! (Camilla spenne litt i Oddvar sine julalegger…)

Om 20 år, koss e julen då? -Då e eg onna bybruå, me mine nye venner.

Har du ein favorittjulasang? - Glade jul. Den kan eg på orgel og.

Koss feire du nyttår? - På Utsyn.

Me føle at intervjue har fått ein naturlige avslutning me nyttårsspørsmålet, og seie te Oddvar at intervjue e slutt. Så de va de. Nå kjenne me Oddvar litt bere.

Eller gjer me de?



*Bare gode venner?*

# Gøril si julasia

*Gøril har triksa å miksa litt me bilder å skjegg. Nå må du finna ud kin så gjømme seg bag skjegge å huå! Premien e sjølsagt gratis avis neste gong. Svar på mailen vår.*



**1**



**2**



**3**

Her komme et par oppskrifter på snæks så e enkelt å laga og skamgodt å eda. Sedd i gang.

**Peppermyntekuler**
1 eggehvite
1 teskje vann
2-3 peppermynteolje
melis

Halvpisk eggehviten, bland i resten. Du bruker så mye melis at det blir en passe fast deig. Ta litt melis om gangen og prøv deg fram. Lag kuler og pynt dem med sjokoladebiter eller nonstopp.

**Dajm**
Du trenger;
2ss sukker
3ss sukker
2ss sirup
litt kakao.

Alt blandes og kokes i ca. 5 minutter. Helles på en plate kledd med bakepapir og skjæres i små firkanter før det stivner. Viss du vil kan dekke dajmen med sjokolade.

**Me har hatt sterke diskusjonar innad i redaksjonen om kafforein julekalender på fjernsyne så e best. Me sko egentligt anmeldt adle samen, men de får holda me Nissene på låven. De e jo den einaste så holle mål**

Nissene på låven er ein parodi på alle "reality"-programmå. Det er ein adventskalender der 24 personar er samla samen som nissar, på ein låve der dei skal bu i 24 dagar. Der får di forskjellige oppdrag som ska løysas. Før var di delt inn i to lag, som blei slått samen den 12. desember. (13.?) Ein nisse blir stemt ut kver dag, og til slutt er det bare ein igjen. Denne nissen vinne 1 million kroner.

Dette e ein kalender med skuespelerar og manus, husk det...

Eg syns at Nissene på låven før va genialt løye, men har nå sonke ganske møje. Men, den er den beste julakalenderen! Den har humor og er ikkje særlig langtrokke!

- Marie Lunde

# Førjulshygge på Lauvsnes

***Tekst: Kåre Vignes***
***Foto: Gøril Bleie***

De va stort å komma inn på Lauvsnes bedehus lordag den femtende desember. Julatree va på plass, de va julapyntlaging og kagebaging. Kjekt å komma ud å sjå at dei så har ansvar har gjort ein goe jobb me planlegging.

Me velge å la bildene tala for seg sjøl, ord blir jo lett fattige når me har bilder så vise kor glae og fornødde adle va denne kvelden. Legg spesielt merke te Håvard M. Helle så sedde ny personlig rekord i glis på ett av bildene...











# Juleevangeliet

I dei dagane lét keisar Augustus lysa ut at det skulle takast manntal over heile verda. Dette var fyrste gongen dei tok manntal, og det hende medan Kvirinius var landshovding i Syria. Då fór alle heim, kvar til sin by, og skulle skriva seg i manntalet.
Josef òg fór frå byen Nasaret i Galilea og opp til Judea, til Davidsbyen, som heiter Betlehem, for han høyrde til Davids hus og ætt, og skulle skriva seg der. Maria, festarmøya hans, var med han. Ho venta då barn.
6 Og medan dei var der, kom tida då ho skulle føda, og ho fekk son sin, den fyrstefødde; ho sveipte han og la han i ei krubbe, for det var ikkje rom åt dei i herberget.
Det var nokre gjætarar der i grannelaget, som låg ute og vakta sauene sine om natta. Best det var, stod ein engel frå Herren framfor dei, og Herrens herlegdom lyste kringom dei. Då vart dei fælande redde. Men engelen sa til dei: «Ver ikkje redde! Eg kjem med bod til dykk om ei stor glede som skal timast alt folket. I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by; han er Kristus, Herren. Og det skal de ha til teikn: De skal finna eit barn som er sveipt og ligg i ei krubbe.» Brått var det ein stor himmelhær saman med engelen; dei lova Gud og kvad:
«Ære vere Gud i det høgste,
og fred på jorda
blant menneske som Gud har hugnad i!»
Då englane hadde fare frå dei og attende til himmelen, sa gjætarane til kvarandre: «Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, og som Herren har kunngjort oss.» Så skunda dei seg dit og fann Maria og Josef og det vesle barnet som låg i krubba. Då dei fekk sjå det, fortalde dei alt som hadde vorte sagt dei om dette barnet. Alle som høyrde på, undra seg over det gjætarane fortalde. Men Maria gøymde alt dette i hjarta sitt og grunda på det. Og gjætarane vende attende, medan dei lova og prisa Gud for det dei hadde høyrt og sett; alt var så som det hadde vorte sagt dei.

Lukas 2,1-20